



Notat

Dato: 15.12.2015
Arkivsak: 2015/11453-11
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Svar på klage om avslag på søknad om godkjenning av fagskuleutdanning i Psykisk helsearbeid og rusarbeid

Vedlagt ligg svar frå NOKUT på klage om avslag på søknad om godkjenning av fagskuleutdanning i Psykisk helsearbeid og rusarbeid.

Hordaland fagskulestyre ved Hordaland helsefagskole fekk avslag på NOKUT-søknad om godkjenning av fagskuletilbod innan Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Hordaland helsefagskole valde å klage på vedtaket av di skulen meinte at søknaden vart handsama på feil premiss. NOKUT har gitt avslag på klagen og sendt den vidare til klagenemnd for endeleg handsaming (sjå dokumenta under).